



# Trist



- **Sjå på denne guten her, kva slags følelse trur de han har?**  
(Ja, han er lei seg eller trist. Akkurat som den blå figuren var.)
- **Kva trur de har skjedd som gjorde at han blei så trist?**  
(Oppmuntre barna til å kome med historier eller forklaringar. Hjelp til ved behov. Kanskje han saknar mamma og pappa? Kanskje han ikkje fekk vere med i leiken?)
- **Kva trur de guten har lyst til no?**  
(La barna kome med forslag, men hjelp til ved behov. Kanskje har han lyst til å gråte eller gøyme seg litt? Eller kanskje vil han vere saman med ein av dei vaksne?).
- **Kva trur de dei vaksne i barnehagen kan gjere slik at guten føler seg litt betre?**  
(Den vaksne kan setje seg på huk og spørje om kva som skjedde? Eller gi ein god klem, og seie at det er lov å vere lei seg. Kanskje den vaksne kan spørje om guten vil sitje litt på fanget?)

## Til dei eldste barna:

- **Kva trur de han tenker på?**  
(Kanskje han tenker at han ikkje har lyst til noko, eller at han vil heim, eller kanskje han trur at han aldri skal slutte å vere trist? Når vi er triste får vi ofte vonde og triste tankar som gjer oss enda tristare.)
- **Finst det ulike måtar å vere trist på?**  
(Ikkje alle får tårer, nokre blir stille trist, nokre blir trist med mykje lyd, alle måtane å vere triste på er like riktige og bra.)